



## ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG

Torsdag 28. mars 2019 kl. 19.00 på Dalen Næringsssenter, Kallandsbua

### Sakliste

#### 1. Godkjenne medlemmar med tale- og røysterett

Det er møtt fram personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner personar med tale- og stemmerett.

**Vedtak:**

#### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

**Vedtak:**

#### 3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

**Vedtak:**

#### 4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Stig Petterson til skrivar.

**Vedtak:**

#### 5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1.:

2.:

#### 6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2018.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2018 til vitande.

**Vedtak:**

## **7. Rekneskap**

Styret viser til revidert rekneskap for 2018. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 58.736 etter avskrivningar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2018 er kr. 1.198.356,-. Styret har lukkast med fleire tiltak for å tilpasse laget sitt kostnadsnivå til inntektsnivået. Revisjonsmelding vart opplese i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2018.

**Vedtak:**

## **8. Fastsetje medlemskontingenten**

Styret tilrår at medlemskontingenten vert auka med kr 50,- til kr 350,- for 2019

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2019 til kr. 350,-

**Vedtak:**

## **9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass**

Styret tilrår at årleg avgift vert auka med kr 50,- for 2019.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2019 til:

4m båtplass kr. 1650,-

6m båtplass kr. 1750,-

8m båtplass kr. 1850,-

**Vedtak:**

## **10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båtplass**

Konsumprisindeksen i 2018 var ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 3.1%.

Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnskotet for båtplassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båt plass etter konsumprisindeksen til SSB på 3.1%. Endringa gjeld frå og med 28. mars 2019 til årsmøte i mars 2020.

Etter dette vert eingongsinnskot på båt plassane slik:

4 m plass innskot kr. 26.790, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **27.620**

6 m plass innskot kr. 33.080, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **34.105**

8 m plass innskot kr. 40.440, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **41.693**

**Vedtak:**

**11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad**

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2019.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2019 til kr. 100,-

**Vedtak:**

**12. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2018-2028**

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.

Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2018-2028

.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2018-2028.

**Vedtak:**

**13. Budsjett 2019**

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2019.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2019.

**Vedtak:**

#### **14. Nødleder på bryggene**

Det er kome inn forslag til å etablere nødleder og livbøyer på bryggeanlegget. Dette for å betre tryggleiken, og ved å auke sjansen for eigenredning dersom ein skulle hamne i vatnet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet vedtek å løyve kr. 30.000 for etablering av nød-leider og livbøyer på bryggeanlegget.

**Vedtak:**

#### **15. Utleige av båtplass**

Styret har hatt ein del utfordringar med å handtere utleige av båtplassar. Er dagens reglar og ordning gode nok?

Styret sitt framlegg:

**Vedtak:**

#### **16. Val**